



Kristian Bringedal og Magne Huglen presenterar sommar-plakaten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Baroniet sitt kulturprogram er det mest einestående i Noreg. Eg trur at Uskedalen også er einestående. Det finst truleg ikkje ei bygd som har maken til samordning og felles presentasjon av kulturhendingar.**

Det seier prosjektleiaren for Bygdeutviklingsprogrammet under Uskedalen Utvikling Kristian Bringedal. Han presenterer for tredje året på rad ein fargerik plakat som summerar opp kulturhendingane og andre hendingar i bygda denne sommaren og som skal spreiest i eit stort geografisk område (ligg under denne artikkelen).

Men det blir nok ikkje aktuelt å slå opp plakaten i Dublin, som 'humlepungane' gjorde under ei studiereise i fjor.

Bringedal peikar på at Uskedalen samordnar tiltaka sine og presenterar dei under ein sams logo og profil, ikkje berre gjennom ein plakat men også gjennom nettsida uskedalen.no. Det er også laga plakat av eit kart over bygda der ein finn både fjellstigar og turstigar nede i bygda. SPAR gjer teneste som eit forenkla turistkontor.

Dønhaug Gjestegards fyldige program utgjer ein stor del av 'sommar-menyen', men det er også all grunn til å merka seg at Festidalen er på plass att og arbeider med å få inn enda fleire svært tunge artistar enn dei som allereie er sikra.

Bringedal strekar også under at spesielt bergensarane for kvart år blir sterkare knytte til dalen som klatre- og friluftseldorado. Det kan ein i høgste grad lesa av programmet.

Det er grunn til å tru at det vil bli supplert med fleire arrangement enn dei som står der til no. Men prinsippet er at arrangementa som blir tekne med på plakaten skal fange interesse også utover Uskedalen.

Dette er innhaldet i plakaten som ønskjer velkomen til sommarbygda Uskedalen i 2009:

- \* **08. april: Låvedans på Dønhaug - Vassendgutane.**
- \* **11. april: Konsert og pubkveld i Dønhaugkjedlaren - Matti Røssland med band.**
- \* **22. april: Fottur til Mannsvatnet - seniorgruppa i Turlaget.**
- \* **07. mai: Blueskveld i Dønhaugkjedlaren - Rich Harper Band (USA)**
- \* **09. mai: Låvedans på Dønhaug - Rich Harper Band (USA)**
- \* **30. mai: Låvedans og konsert - Morten Hjøлло og Terje Frigaards Band.**
- \* **13. juni: Aktivitetsdag i Båthamna.**
- \* **27. juni: Bøkkerkveld på Rød - Borge Olsen Jazzband.**
- \* **17. juli: Shantykveld i Dønhaugkjedlaren - Storm Weather Shanty Choir.**
- \* **Juli/august: Irsk kveld i Dønhaugkjedlaren - Andrea Rice med band (Irland)**
- \* **31. juli: Festidalen**
- \* **01. august: Festidalen**
- \* **15. august: Basecamp og indianarleir på Fjellandsbø.**
- \* **16. august: Friluftsdag på Fjellandsbø**
- \* **23. august: Museumsdag på Bygdetunet Rød**
- \* **04. september: Gil Edwards med gjester (USA/Canada) - Dønhaugkjedlaren.**
- \* **Låvedans/konsert på Dønhaug - Pat Savage med band (Canada/Nederland)**
- \* **13. september: Tur til Englafjell - start i Tveitedalen.**
- \* **26. september: Haugland skulemuseum - ope museum.**

Av Ola Matti Mathisen



# Velkommen til sommарbygda Uskedalen -09

- 08. april** Låvedans på *Dønhaug - Vassendgutane*  
**11. april** Konsert og pubkveld i *Dønhaugkjedlaren - Matti Rossland m/ band*  
**22. april** Fottur til *Mannsvatnet - seniorgruppa i Turløget*  
**07. mai** Blueskveld i *Dønhaugkjedlaren - Rich Harper Band (USA)*  
**09. mai** Låvedans på *Dønhaug - Rich Harper Band (USA)*  
**30. mai** Låvedans og konsert - *Morten Hjøllo og Terje Frigaards Band*  
**13. juni** Aktivitetsdag i *Båthamna*  
**27. juni** Bokkerkveld på *Rød - Borge Olsen Jazzband*  
**29. juni** Klatrekurs i *Ulvenoso - ei veke. Arr: DNT - Fjellsport*  
**17. juli** Shantykveld i *Dønhaugkjedlaren - Storm Weather Shanty Choir*  
**Juli/aug** Irsk kveld i *Dønhaugkjedlaren - Andrea Rice m/ band (Irland)*  
**31. juli** Festidalen  
**01. aug** Festidalen  
**15. aug** Basecamp og indianarleir på *Fjellandsbø*  
**16. aug** Friluftsdag på *Fjellandsbø*  
**23. aug** Museumsdag på *Bygdetunet Rød*  
**04. sept** *Gil Edvards m/ gjester (USA/Canada) - Dønhaugkjedlaren*  
**05. sept** Låvedans/konsert på *Dønhaug - Pat Savage m/ band (Canada/Nederland)*  
**13. sept** Tur til *Englaffjell - start i Tveitedalen*  
**26. sept** *Haugland skulemuseum - Ope museum*

**Meir info. finn du på [www.uskedalen.no](http://www.uskedalen.no)**